



Elin og Karstein Westervik
Alverflaten 61
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/981 - 16/14919

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.06.2016

Registrert skade på slamavskiljar. Varsel om at kommunen vil vurdere å gje pålegg om tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg - gbnr 137/448 Alver.

Lindås kommune har 18.03.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport AS om skade på slamavskiljaren for bustadhus på gbnr 137/448. Skaden fører til at tanken ikkje er tilfredsstillande sikra og kan føra til lekkasje.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

I følgje kommunen sine opplysningar vert avlaupet frå slamavskiljaren ført til sandfilteranlegg. Denne avlaupsløysinga er ikkje tilfredsstillande ut frå dagens standard.

Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg


I følgje plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går

- over eigedomen,
- i veg som grensar til eigedomen, eller
- over nærliggjande areal

knytast til dei offentlege leidningane.



Det går offentlig avlaupsledning fram til eigedomen gbnr 137/757. I følgje Teknisk drift er det tilrettelagt for at eigedomen dykkar kan knytast til avlaupsleidingen her, sjå kartskissa under.



Lindås kommune vurderer at eigedomen dykkar fell inn under vilkåra om tilknytingsplikt til det kommunale avløpsanlegget, jf plan- og bygningslova (pbl) § 27-2, då det går offentlig avlaupsledning over nærliggjande areal.

Arbeidet med tilknytning til det kommunale kloakkanlegget er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. I tillegg må det søkjast om sanitærabonnement. Søknad må sendast inn av rørleggarføretak som kan godkjennast for ansvarsrett.

Kommunen vil vurderer å pålegga tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg dersom eigedomen ikkje er tilknytt **innan 01.01.2017**, jf pbl § 32-3.

Dersom pålegg blir gitt vil kommunen samstundes vurderer å fastsetja tvangsmulkt for å få gjennomført pålegget, jf pbl § 32-5. Eventuelt pålegg som ikkje vert stetta innan fastsett frist vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom jf. plan- og bygningslova § 32-2, 2.ledd, 3.punkt.

Sikring/repasasjon av slamavskiljar

Det må straks setjast i verk tiltak for å sikra slamavskiljaren og hindra eventuell forureining frå denne. Dette arbeidet må gjerast uavhengig av at eigedomen seinare vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg.

Frist for tilbakemelding på utført arbeid vert sett til **01.08.2016**.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken eller knyta bygningaen på eigedomen til det kommunale avlaupsnett, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når tanken er sikra/repairert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skade på septiktank - gbnr 137/448 Alver

Foto

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Mottakarar:

Elin og Karstein Westervik

Alverflaten 61

5911

ALVERSUND